



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Oppattløyving av investeringsprosjekt frå 2024 til 2025

Vedlegg

Dokument i saka

- Sluttjustering på investeringsbudsjettet 2024
- Rettleiar for budsjettering av investeringar og avslutning av investeringsrekneskapen H-2270B

Bakgrunn

Kommunedirektøren fremma i desember 2024 ei sak som tok for seg status på tidlegare vedtekne investeringsprosjekt. I saka gjorde ein opp status på desse og tilrådde kva for prosjekt som skulle vidareførast og kva for prosjekt som skulle avsluttast, samt at ramma for einskilde prosjekt vart justert. Nokre av justeringane som vart tilrådd, forutsette oppattløyving i 2025.

Vurdering

Tabellen under syner mellom anna restløyving som står att per 31.12.2024 og heilt til høgre om eit prosjekt skal avsluttast eller vidareførast til 2025. Positive tal i kolona for «Restløyving» tyder meirforbruk og fleire av prosjekta som skal løyvast opp att i 2025 hadde noko meirforbruk per 31.12.2024. Dette meirforbruket blir trekt frå løyvd ramme i 2025, og er ein konsekvens av for stor nedjustering i desember og/eller tidspunkt for når utgiftene var forventa å oppstå.

		Årets nye løyvingar	Revidert budsjett	Investera før 2024	Investera i 2024	Investera totalt	Restløyving	Kommentar
Prosjektnamn	Frå år	2024	Pr. 31.12.24	Pr. 31.12.23	Pr. 31.12.2024	Pr. 31.12.2024	Pr. 31.12.2024	
Kjøleanlegg VTDS	2024	150 000	150 000		166 668	166 668	16 668	Avsluttast
Nettbrett heimetenesta Øvre Vinje	2024	-	-		271 975	271 975	271 975	Avsluttast
Overvakar/hjartestartarmaskin	2024		290 000		289 875	289 875	-125	Avsluttast
Utstyr HEM "Gangtreningshjelpemiddel"	2024		450 000		464 481	464 481	14 481	Avsluttast
VTDS datasenter Vinje sin del	2024		400 000		396 833	396 833	-3 168	Vidareførast
Utstyr heimetenestene og legekantor	2024	1 070 000	1 070 000		878 065	878 065	-191 935	Vidareførast
Sjukesignalanlegg Rauland omsorgssenter	2024	500 000	445 000		444 799	444 799	-201	Avsluttast
Kommunehuset rehabilitering	2022		7 846	11 615 335	7 906	11 623 241	60	Avsluttast
Forprosjekt Vinjehuset og flytting bibliotek	2023	2 000 000	-	252 570	-	252 570	-	Avsluttast
Oppgradering kommunestyresalen	2022		221 761	969 632	219 827	1 189 459	-1 934	Avsluttast
Sivilforsvaret / beredskapslager	2024	2 500 000	2 300 000		2 565 638	2 565 638	265 638	Vidareførast
Forprosjekt ombygging bankbygget	2024		200 000		109 082	109 082	-90 918	Vidareførast
Forprosjekt Rauland skule	2024	2 000 000	784 862		976 571	976 571	191 709	Vidareførast
Åmot skule småskulen	2023	8 000 000	7 335 554	264 447	5 282 843	5 547 290	-2 052 711	Vidareførast
Kjøp av bil VO	2024	-	255 000		225 000	225 000	-30 000	Avsluttast
Forprosjekt Edland barnehage	2023	200 000	1 671 648	328 352	1 700 634	2 028 986	28 986	Avsluttast
Grillhytte Åmot skule	2024		-		224 375	224 375	224 375	Avsluttast
Rauland omsorgssenter	2022	20 000 000	24 695 168	8 254 832	25 710 057	33 964 889	1 014 889	Avsluttast
Forprosjekt Norheimstunet	2022	2 000 000	2 099 813	400 188	2 313 580	2 713 768	213 767	Vidareførast
Forprosjekt sjukeheim/omsorgssenter Åmot	2022	1 000 000	512 109	1 887 891	417 449	2 305 340	-94 660	Vidareførast
Forprosjekt PU bustader	2024	500 000	-		-	-	-	Avsluttast
Kjøp av Bratlandsbygget	2024	24 000 000	-		-	-	-	Avsluttast
Kjøp av bustader	2021	1 700 000	6 223 055	23 203 913	9 729 674	32 933 587	3 506 619	Vidareførast
Tomannsbustad Juvbakk	2023		4 669 983	5 670 018	4 723 548	10 393 566	53 565	Avsluttast
Kjøp av gamle Vinje bygdeheim	2024		50 000		-	-	-50 000	Avsluttast
Kjøp/bygging av små bustader korttidsleige	2024	10 000 000	175 500		298 859	298 859	123 359	Avsluttast
Ladepunkt	2021		140 982	1 199 018	108 735	1 307 753	-32 247	Avsluttast
Maskiner og utstyr vegvedlikehald	2024	815 000	590 000		766 243	766 243	176 243	Avsluttast
Maskiner drift VA	2024	340 000	407 261		263 961	263 961	-143 300	Avsluttast
Nytt lagerbygg TDI og næring	2024	1 500 000	1 900 000		2 337 744	2 337 744	437 744	Avsluttast
G/S veg Øyfjell	2021			17 716 838	-	17 716 838	-	Avsluttast
Asfaltering Edland/Grungedal	2022	400 000	797 904	1 494 113	797 904	2 292 017	0	Avsluttast
Bustadfelt Juvbakk	2023		414 781	3 485 219	704 788	4 190 007	290 007	Avsluttast
Flaumsikring Edland	2022	23 500 000	3 789 688	210 313	1 523 973	1 734 286	-2 265 715	Vidareførast
Kommunale vegar beredskapstiltak	2023	1 000 000	2 391 224	1 608 776	2 276 364	3 885 140	-114 860	Vidareførast
Grunnerverv og detaljprosjektering G/S Austbø	2023		1 862 935	607 065	2 110 579	2 717 644	247 644	Avsluttast
Trafikksikringstiltak Drotning	2023		39 750	40 250	35 500	75 750	-4 250	Vidareførast
Trafikksikringstiltak Rauland sentrum	2024		900 000		1 197 864	1 197 864	297 864	Avsluttast
Forprosjekt GS/VA Raulandsgrend	2024	300 000	-		-	-	-	Avsluttast
Bru Sagvegen	2024	15 000 000	13 500 000		12 756 037	12 756 037	-743 963	Vidareførast
Forprosjekt GS/VA Rauland sentrum Lega	2024		2 070 000		263 630	263 630	-1 806 371	Vidareførast
Ledningsnett vatn generelt	2018	1 000 000	731 962	15 969 913	740 326	16 710 239	8 364	Vidareførast
VA Slobrekk	2023		410 506	1 209 494	412 162	1 621 656	1 656	Avsluttast
Rauland renseanlegg line 2	2024	4 000 000	220 000		110 847	110 847	-109 153	Vidareførast
Ledningsnett avløp generelt	2018	1 000 000	985 545	10 760 670	1 002 063	11 762 733	16 518	Avsluttast
Aktivitetspark Edland	2021	350 000	2 250 000	5 969 818	2 094 592	8 064 410	-2 250 000	Vidareførast
Vinjehuset - nye ventilasjonsanlegg	2022		1 850 000	1 287 999	1 908 129	3 196 128	58 129	Avsluttast
		124 825 000	89 259 837	114 406 664	88 829 178	203 235 842	-2 525 250	

Tabell 1

I saka frå desember 2024 var det nokre prosjekt som etter planen skulle avsluttast i 2024, men som ein no ser at likevel må vidareførast til 2025. Dette gjeld fylgjande prosjekt:

- Bru Sagvegen (arbeida var ikkje heilt slutført før i januar/februar 2025)
- Utstyr heimetenestene og legekantor (gjenstår innkjøp av noko utstyr)

Samla oversikt over oppattløyvingane (inkludert forutsette oppjusteringar) på prosjekt som skal vidareførast går fram av tabellen under.

Prosjektnamn	Opprinneleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Restløyving	Oppjustering frå 2024	Sum oppattløyving
VTDS datasenter Vinje sin del		400 000	396 833	-3 168		3 168
Utstyr heimetenestene og legekantor	1 070 000	1 070 000	878 065	-191 935		191 935
Sivilforsvaret / beredskapslager	2 500 000	2 300 000	2 565 638	265 638	1 000 000	734 362
Forprosjekt ombygging bankbygget		200 000	109 082	-90 918	200 000	290 918
Forprosjekt Rauland skule	2 000 000	784 862	976 571	191 709	300 000	108 291
Åmot skule småskulen	8 000 000	7 335 554	5 282 843	-2 052 711	3 800 000	5 852 711
Forprosjekt Norheimstunet	2 000 000	2 099 813	2 313 580	213 767		-213 767
Forprosjekt sjukeheim/omsorgssenter Åmot	1 000 000	512 109	417 449	-94 660	600 000	694 660
Kjøp av bustader	1 700 000	6 223 055	9 729 674	3 506 619	10 000 000	6 493 381
Flaumsikring Edland	23 500 000	3 789 688	1 523 973	-2 265 715	1 200 000	3 465 715
Kommunale vegar beredskapstiltak	1 000 000	2 391 224	2 276 364	-114 860		114 860
Trafikksikringstiltak Drotning		39 750	35 500	-4 250	270 000	274 250
Bru Sagvegen	15 000 000	13 500 000	12 756 037	-743 963		743 963
GS/VA Rauland sentrum Lega		2 070 000	263 630	-1 806 371	3 200 000	5 006 371
Ledningsnett vatn generelt	1 000 000	731 962	740 326	8 364	200 000	191 636
Rauland renseanlegg line 2	4 000 000	220 000	110 847	-109 153	3 780 000	3 889 153
Aktivitetspark Edland	350 000	2 250 000	2 094 592	-2 250 000	1 000 000	3 250 000
	63 120 000	45 918 017	42 471 004	-5 541 605	25 550 000	31 091 605

Totalt mindreforbruk for prosjekt som skal vidareførast er per 31.12.2024 er kr 5.541.605 slik det går fram av tabellen over. Totalt beløp som skal løyvast opp att er kr 31.091.605. Årsaka til differansen er nedjusteringane frå 2024, som vart vedteke under føresetnad av oppattløyving i 2025.

Finansiering av oppattløyvingane på kr 31.091.605 blir fylgjande:

- Unyttta lånemidlar kr 13.200.179
- Bruk av konsesjonsavgiftsfond kr 13.546.760
- Momskompensasjon kr 3.544.667
- Refusjonar frå kommunar kr 2.000.000 (knytt til sivilforsvaret/beredskapslager)
- Refusjonar frå private kr 5.000.000 (Statkraft knytt til flaumsikringa Edland)
- Sletting av salsinntekt på kr 6.200.000 (bokført i 2024)

I saka om sluttjustering frå desember 2024 vart budsjettert fondsbruk redusert med kr 15,8 mill. Samanliknar ein dette talet med bruk av fond i oversikten over, får ein ei positiv differanse på omlag kr 2,3 mill.

Årsaka til at unyttta lånemidlar er eit såpass høgt tal, er m.a. at bytehandelen med Bitustøyl vart bokført i 2024 (innebar salsinntekter med kr 4,6 mill.). I sluttjusteringa var det tatt høgde for at dette ikkje skjedde før i 2025. I tillegg er salsinntekter for Bilrute-bygget på kr 6,2 mill. bokført i

2024, ettersom aksjane er overført ny eigar. Sjølve oppgjeret for bytehandelen mellom Bilrutebygget og Bratlandsbygget finn fyrst stad hausten 2025.

Frå 2024 og tidlegare år står det att ubrukte startlånsmidlar og mottatte avdrag på vidareutlån på høvesvis kr 5.925.624 og kr 6.107.431. Totalt utgjer dette kr 12.033.055.

Kommunedirektøren rår til at desse midlane blir løyvd opp att i budsjettet for 2025 og kan nyttast til vidareutlån.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

1. Prosjekta som skal vidareførast blir overført frå 2024 til 2025 med summane som er nemnt i tabell 2 i saka, totalt beløp kr 31.091.605.
2. Prosjekt som skal avsluttast blir avslutta i tråd med tabell 1 i saka.
3. Oppattløyvingane blir finansiert slik:
 - a. Momskompensasjon kr 3.544.667
 - b. Refusjonar frå kommunar kr 2.000.000
 - c. Refusjonar frå private kr 5.000.000
 - d. Unytta lånemidlar kr 13.200.179
 - e. Overføring frå drift gjennom bruk av konsesjonsavgiftsfond kr 13.546.760
 - f. Sletting av salsinntekt kr 6.200.000
4. Unytta startlånsmidlar og mottatte avdrag på vidareutlån frå 2024 på totalt kr 12.033.055 blir løyvd opp att i 2025, og kan nyttast til vidareutlån.